Norges Skiforbund
Sogn og Fjordane Skikrins

Protokoll Langrennskomitéen

Kva:	Møte nr. 09 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Onsdag 23.09.26, kl. 20.00 – 21.30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 73 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 74 25-27 Godkjenning av LK-protokoll nr. 8 25-27 DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 75 25-27 Status økonomi LK SAK 76 25-27 Team Scandic SørVest SAK 77 25-27 Vurdere innkjøp av «team-vest» SAK 78 25-27 Innspel til nasjonalt Haustmøte SAK 79 25-27 Oppfølging samarbeid med Hordaland skikrets ORIENTERINGSSAKER SAK 80 25-27 Haustmøte, ny dato og digital gjennomføring. SAK 81 25-27 Rekrutteringsklubben 2026 EVENTUELT Ingen saker meldt inn.
Frammøte:	Erik Brenne, Eline Orheim, Ellen E. Blom, André Haugsbø, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra
Forfall:	
Referent:	Bodil Ryste, dagleg leiar Sogn og Fjordane skikrins

SAK 73 25-27 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Bakgrunn
Innkalling med sakliste og vedlegg vart sendt ut tysdag 22.9.26

Vedtak:
Langrennskomitéen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 74 25-27 **Godkjenning av protokoll nr. 08 25-27.**

Bakgrunn
Protokoll nr. 08 25-27 frå langrennskomiteen lagt ved møteinnkallinga.

Vedtak:
Langrennskomitéen godkjenner protokoll nr. 08 25-27.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 75 25-27 **Status økonomi Langrennskomitéen**
Bakgrunn:

Dagleg leiar gjekk gjennom ein status per 21.9.26, som viser at det har vore lågare kostnadar med nasjonale renn for junior, samt Hovudlandsrenn og Junior-NM enn det som har vore budsjettert. I prognosen er det forventa kostnadar med krinslag langrenn utover hausten, knytt til planlagt og gjennomført samlingsaktivitet. Det er teke høgde for kostnadar med støtte til rekrutteringssamlingar. Det er også lagt inn kostnadar til innkjøp av «team-vest», samt gjennomføring av til dømes TD/arrangørkurs og kurs i NSF Timing. Prognosen tilseier at Langrenn styrer mot eit positivt resultat per no.

Innspel som kom inn i møtet:
- Splitte opp posten for Langrenn krinslag, slik at bekledning til Langrennskomitéen synleggjerast på «styret» framfor på krinslag
- Lage eigen post og budsjett for KM Langrenn, slik at ein kan budsjettere for bruk av midlar til å gjere arrangementet attraktivt med til dømes sosiale tiltak

Vedtak:
Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 76 25-27 **Avtale med Team Scandic SørVest**

Bakgrunn:
Sogn og Fjordane Skikrins mottak 1.7.26 forslag til ny samarbeidsavtale for Team Scandic SørVest (TSSV) for perioden 1.5.2026 til 30.4.2027. TSSV er eit samarbeid mellom Agder og Rogaland skikrets, Hordaland skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins om ei felles satsing for seniorløparar i langrenn.

Avtalen inneber mellom anna ein årleg eigenandel på kr 7.500 dersom krinsen ikkje har utøvar på teamet, samt eit økonomisk ansvar ved eventuell negativ eigenkapital ved sesongslutt, avgrensa til kr 100.000 per part. Avtalen var vedlagt sakspapira.

Avtalen er per i dag ikkje signert av Sogn og Fjordane Skikrins. Hordaland skikrets har vedteke at dei ikkje kan signere avtalen per i dag.

Skikrinsstyret ynskjer innspel frå Langrennskomitéen før vidare behandling av saka.

I møtet gjekk Langrennskomitéen gjennom korleis samarbeidet har fungert tidlegare år, samt bakgrunn og forarbeid til årets avtale og ei drøfting kring vegen vidare.

Vedtak:
Langrennskomitéen er positive til samarbeid med Agder og Rogaland skikrets og Hordaland skikrets i høve Team Scandic SørVest/regionsatsing for seniorutøvarar. Samtidig saknar Langrennskomitéen at Skikrinsen har vore involvert i styringsgruppa, gjeldande til dømes arbeidet med uttak, samlingsplan og informasjon om budsjett og avtale.

Langrennskomitéen gir derfor innspel til styret om å ikkje signere avtalen per i dag.

Langrennskomitéen har sett på ulike innspel til diskusjon før signering:
- Få etablert ei styringsgruppe der alle partar er involvert
- Drøfte differensiering av garantibeløp, ut frå kor mange utøvarar ein har på laget
- Oppfølging av pkt 8 i avtalen, knytt til dialog om lokale samlingar i dei ulike kretsane

SAK 70 25-27 **Vurdere innkjøp av «team-vest»**

Bakgrunn:
Langrennskomitéen har tidlegare drøfta om felles bekledning for yngre utøvarar enn krinslag junior kan vere noko som skapar samhald og «lagkjensle» for dei yngre utøvarane.

Vi har fått pris frå Trimtex på kr. 844,- per vest. Ein slik vest er ein «vinter-vest» i liknande stoff som krinslaget si overtrekksjakke.

Med bakgrunn i prognose for årsresultat for Langrenn, er det vurdert at det vil vere økonomisk forsvarleg å kjøpe inn eit visst antal vestar.

LK drøfta kva aldersgruppe ein skal kjøpe inn vest til, og kven som er målgruppa. LK drøfta at 13-16 år er primær målgruppe, og at juniorutøvarar allereie har tilbod om krinslagskle. Det vart likevel ikkje møtet konkludert med kva yngste alder for å få vest skal vere. Panneband/hue vert også nemnt som eit viktig «krinsplagg», til dømes på stafett på Hovudlandsrennet

Frist for å tinge vestar frå Trimtex er 1. oktober

Vedtak:
Langrennskomitéen ber dagleg leiar tinge inntil 50 vestar i ulike storleikar (estimert behov og det som er lagt inn som estimerte kostnadar) innan fristen for bestilling hos Trimtex. LK ber òg dagleg leiar tinge nokon ekstra huer/panneband, slik at utøvarar som deltek på Hovudlansrennet kan få hue eller panneband til bruk på stafetten. LK tek opp igjen diskusjonen om målgruppe for gratis «team-vest» i neste møte.

SAK 78 25-27 **Innspel til nasjonalt Haustmøte, 16. – 17. oktober 2026**
Bakgrunn:

Langrennskomitéen nasjonalt har sendt ut følgande melding:

- Høstmøte og fagmøte langrenn – 16-17. oktober. Sett av datoene til et fysisk møte i Oslo, så kommer det mer detaljert info etter hvert. Vi tenker også å ha en runde med dere på Teams før fagmøtet med tanke på hvilken funksjon fagmøtet skal ha og hvordan dette er tenkt gjennomført.
- Innmelding av saker til fagmøtet – For å sikre at alle innspill blir registrert og behandlet på en god måte, ber vi om at saker til fagmøtet meldes inn via skjemaet under. Beklager en litt kort frist: 28. september. https://forms.cloud.microsoft/Pages/ResponsePage.aspx?id=EhvwxPeEl02wiuoL0cb_IUSXx5SXt1lMmLMGRmDWpVlURDdXNk10NkJPRk84WFlHUFFJUzgxTU5NSC4u

Det er informert om følgande aktuelle saker:

- Utstyrsbegrensning
- Sesonginformasjon og uttakskriterier
- Styringsgrupperepresentasjon Team Scandic
- Landslagsmodell og privatlag
- Grenkomitéinstruks og mandat for grenlederforum

LK må diskutere om ein ynskjer å melde inn saker til fagmøtet frå Sogn og Fjordane, eller om det er innspel til leiar i LK vedr sakene som er sett på agendaen.

Vedtak:
LK ynskjer å spele inn sak om prisar på overnatting på nasjonale renn for junior. Saka heng saman med kartlegging av økonomiske

barrierer i langrennssporten (utstyrsbegrensning). LK-leiar legg inn saka i skjemaet innan fristen 28.september.

SAK 79 25-27 **Oppfølging samarbeid med Hordaland skikrets**

Bakgrunn:
Samlingsplanen er godt i gang og vi opplever at samarbeidet med Hordaland skikrets fungerer godt vedr felles samlingar for impuls og juniorløparane. Dagleg leiar har fått spørsmål om fellesopplegg på smørjing på nasjonale renn for junior og senior til vinteren, og det er frå tidlegare møte i LK notert eit ynskje om å ta eit felles møte med Hordaland skikrets for å drøfte kan vi kan få til av smørjesamarbeid for junior. LK må òg ta med seg at krins-samarbeidet med Agder Rogaland skikrets for Team SørVest også har eit smørjeopplegg, som kan vere aktuelt å kople seg på for seniorutøvar.

Vedtak:
Dagleg leiar og leiar i LK, samt eitt medlem til frå LK, avtalar eit møte med Hordaland skikrets der smørjeopplegg for junior for vintersesongen 2027 vert agenda.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 80 25-27 **Gjennomføring av Haustmøtet**

Bakgrunn:
Skikrinsstyret gjorde i styremøte 11.-12.9 vedtak om å endre Haustmøta til digitale møte. Årsaka er at det har vore fallande deltaking, og at ein vurderer at ein kan nå fleire med digitale møte. Samtidig ynskjer styret å setje opp «sonemøte» som er meir klubbnære. Ny dato for Haustmøte Langrenn er då 29. oktober, og LK må i neste møte ta opp saklista til Haustmøtet.

Vedtak:
LK tar saka til orientering.

SAK 81 25-27 **Rekrutteringsklubben 2026**

Bakgrunn:
Markane IL har søkt om å delta i prosjektet «Rekrutteringsklubb». Med bakgrunn i informasjon om forpliktelsar knytt til deltaking i prosjektet, ynskjer Markane IL å gjere ei ny vurdering av sin søknad. Dagleg leiar fyl opp Markane IL innan måndag 28. september, og held Langrennskomitéen orientert per epost.

Vedtak:
LK tek saka til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Erik Brenne (s.)
Leiar LK

Bodil Ryste (s.)
Dagleg leiar